

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	14/755	18/2970

Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Bakgrunn

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gje grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigaren er kome i å nå måla.

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Alle data som er presentert i rapporten er henta frå skoleporten.no. Data som er henta her er berre tilgjengeleg på bokmål og vert difor presentert slik.

Samandrag

Kvalitet i opplæringa kan vere mange faktorar. Noko kan vi telje som karakterar, resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Andre kvalitetar kan vi ikkje måle på same måte som elevane si danning og korleis dei har det med seg sjølv. Derfor er det viktig med både teljingar og forteljingar om opplæringa.

I Radøy er det ved årsskiftet i underkant av 600 elevar fordelt på 10. trinn. Det er viktig for eleven, foreldra, kommunen og samfunnet at elevane lærer mest mogeleg, slik at dei kan lukkast vidare i livet. For at skulen skal lukkast med samfunnsoppdraget treng vi at alle støttar skulen i dette arbeidet. Det kan vi gjera gjennom dialog, samarbeid og tydelege forventningar.

Dei siste åra har det vore eit stort fokus på læringsmiljø og mobbing i skulen. Skulane har målretta arbeidd med dette og vi ser allereie resultat av det arbeidet. Dette arbeidet er ein viktig grunnstein i læringsarbeidet. Ein elev som vert mobba er ein elev for mykje. Vidare er det viktig at ein ser på tendensane i elevundersøkinga. Det positive er at elevane opplever at lærarane støttar i læringsarbeidet. Det er likevel ein tendens at dei opplever ein svakare motivasjon og læringskultur på ungdomstrinnet enn elevane i resten av landet.

Generelt kan vi sei at for mange elevar lærer for lite i skulen. Det er ein tydeleg tendens at lesekompasansen er eit av dei områda som må arbeidast systematisk med. Det bør vere ei målsetjing at elevane i Radøy-skulen skal vera på nasjonalt snitt i lesing, rekning og engelsk. I dag er det ein del som manglar på det, noko som bør motivere både tilsette og foreldre til å støtte skulen med forventning både til elev, føresatt og skule. For å lukkast må alle aktørane dra i same retning.

Fråfall av elevar frå kommunen i vidaregåande skule har vi statistikkar på. Generelt ser vi ein nedgang i elevar som sluttar på Austrheim – og Knarvik vidaregåande skule over dei siste 4 -5 åra.

Dei siste åra har kommunen fått midlar til tidleg innsats. Desse midlane vert brukt til å styrke begynnarpoplæringa frå 1. -4. trinn. Målsetjinga er å løfte elevane til eit nivå innan lesing tidleg og seinare førebyggje spesialundervisning. Kommunen nyttar midlane etter intensjonen og ventar at det vil vise på resultata om nokre år.

Det er eit aukande tal elevar som mottek spesialundervisning i Radøy kommune. Det er viktig at elevar får den hjelpe dei treng samtidig som ein på skulenivå ser etter effektive måtar å hjelpe elevane på, slik at elevane får best mogeleg progresjon i læringsarbeidet. Det vil vere eit mål å redusere talet elevar som mottek spesialundervisning og heller støtta med tilpassa undervisning.

Dei siste åra har eit aukande tal vaksne fått opplæring på vaksenopplæringa. Denne er samlokalisert med dei andre nordhordlandsommunane i Knarvik med Lindås kommune som vertskommune. Etter flyktningbølga i 2016 har dette tilbodet vore brukt godt. Her vert gitt tilbod både som grunnskuleopplæring for vaksne og norsk og samfunnsfag for innvandrarar.

Elevar og undervisningspersonale

Skoleporten - Undervisningspersonell

Enhets: Radøy kommune
Radøy kommune, Grunnskole, Undervisningspersonell, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Årsverk for undervisningspersonale	59,9	61,8	57,5	56,2	57,3
Antall elever per årsverk til undervisning	11,9	11,3	12,4	12,7	12,1
Antall assistentårsverk i undervisningen	12	11	10	12	14
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	53,4	55,2	63,7	52,9	43,9
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	19,4	18,3	17,0	21,3	24,6
Lærertetthet 1.-7. trinn	12,7	12,5	13,1	12,8	12,0
Lærertetthet 8.-10. trinn	13,5	12,5	14,7	16,4	16,5
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,3	15,6	17,0	17,4	16,5
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkient	98,9	99,4	99,5	96,8	93,3
Lærertimer som gis til undervisning	37 292	39 086	35 782	35 601	36 604
Undervisningstimer totalt per elev	60	63	57	56	59

Elevtal fordelt på skular

Skoleporten - Radøy kommune -Elevar, lærarar, skolar	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Talet på elevar	622	625	624	634	620
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	41	40	40	37	39
Talet på lærarar	64	71	70	67	71
	Austebrygd skule	Sæbø skule	Hordabø Skule	Manger skule	Radøy ungdomsskule
Elevtal pr 1.1.18	45	92	99	172	188

Vurdering

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens at lærartettleiken er god. Samstundes er Radøy ein økonomisk pressa kommune, og vi verken kan eller bør ta mål av oss til å ha ein lærartettleik som er langt større enn fylke/landsnivå. Reduksjonen i lærarårsverk dei seinare åra heng delvis saman med reduksjon i elevtalet, men mest av alt på grunn av vedtekne innsparingsmål for Radøy kommune. Frå og med skuleåret 2014/2015 vart den økonomiske ramma til skulen i Radøy redusert tilsvarende 100 rammetimar i budsjettet, noko som tilsvarer ca fire årsverk undervisningspersonale. Vi ser at Radøy no på grunn av nedskjeringane har lågare lærartettleik enn kommunegruppe 10, Hordaland fylke og nasjonalt nivå på ungdomstrinnet og i ordinær undervisning i grunnskulen. Det er og verd å merke seg at elevtal pr lærar på ungdomstrinnet har auka markant

frå 2013 til 2016. Ei annan årsak til dette er ein markant auke i ressursbruk til elevar med særskilde behov i heile opplæringsløpet.

Stortinget vedtok i budsjettforhandlingane ein «lærarnorm». Det ser ut som denne i liten grad vil gje fleire lærarar i kommunen, medan ein tek bort midlane til tidleg innsats som ein del av finansieringa av lærarnormen.

Læringsmiljø 7. trinn og 10. trinn

Elevundersøkinga er gjennomført i november og desember 2017. Resultata i elevundersøkinga vert gitt i talindikatorar frå 1 - 5. 1 er lågast verdi og 5 er høgaste verdi. I Skoleporten vert det presentert data frå 7. og 10. trinn. Radøy har bestemt at ein skal henta inn data frå alle trinn mellom 5. og 10. trinn for å få eit breiast mogeleg grunnlag å vurdere data på. Med bakgrunn i dette ser ein at det er liten eller ingen skilnad for Radøy i forhold til samanlikningsgruppene, verken positivt eller negativt. Med andre ord ligg vi om lag på snittet med resten av fylket og landet forøvrig, sjølv om vi ser ein del positive tendensar og variasjonar frå år til år.

Elevundersøkinga 2017, 7. og 10. trinn

	Radøy ungdomsskule - 10. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 10. trinn (Høst 2017)	Radøy kommune - 7. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 7. trinn (Høst 2017)
Trivsel	4,1	4,1	4,1	4,3
Støtte fra lærer	3,8	4	4,5	4,4
Støtte hjemmefra	4	4,1	4,3	4,4
Vurdering for læring	3	3,3	4	3,9
Læringskultur	3,9	3,8	4,3	4,1
Mestring	4,1	3,9	4	4,1
Motivasjon	3,2	3,5	3,9	3,9
Elevdemokrati og medvirkning	3,3	3,3	4	3,8
Felles regler	4,1	3,9	4,4	4,3
Mobbet av andre elever på skolen	4,8	4,7	4,8	4,7

Fysisk læringsmiljø	3,1	3	3,8	3,5
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	4	3,8	-	-
Praktisk opplæring	2,9	3	-	-
Variert opplæring	3	3,6	-	-
Relevant opplæring	3,2	3,4	-	-
Innsats	3,6	3,9	4,4	4,3

Elevundersøkinga 2017 5.-7. og 8.-10. trinn

	Radøy kommune - 5. trinn - 6. trinn - 7. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 5. trinn - 6. trinn - 7. trinn (Høst 2017)	Radøy kommune - 8. trinn - 9. trinn - 10. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 8. trinn - 9. trinn - 10. trinn (Høst 2017)
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,2
Støtte fra lærer	4,7	4,5	4,1	4,1
Støtte hjemmefra	4,5	4,4	4,1	4,2
Vurdering for læring	4,2	4	3,3	3,5
Læringskultur	4,4	4,1	3,8	3,9
Mestring	4	4	3,9	4
Motivasjon	4	4	3,4	3,6
Elevdemokrati og medvirkning	4,1	3,9	3,6	3,5

Felles regler	4,5	4,3	4,2	4
Mobbet av andre elever på skolen	4,8	4,7	4,8	4,7
Fysisk læringsmiljø	4	3,7	3,4	3,2
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	-	-	4	3,7
Praktisk opplæring	-	-	3,3	3,2
Variert opplæring	-	-	3,5	3,8
Relevant opplæring	-	-	3,6	3,7
Innsats	4,4	4,3	3,8	4

Vurdering

Det er også viktig å henge på 0,3-regelen om statistisk signifikans. Dette inneber at skilnaden for ein liten kommune som Radøy, med ca 60 elevar pr årstrinn, på dei fleste område må vere rundt 0,3 i den eine eller andre retninga for at det i det heile tatt kan vurderast om ein skil seg frå samanlikningsgruppene, både positivt eller negativt. Med andre ord vil resultat innafor 0,3 i begge retningar bli rekna som "ingen skilnad" statistisk.

Det er likevel nokre tendensar som ein kan trekke fram. For 7. trinn scorar elevane nesten gjennomgåande på landssnittet. Det ser ut som ein har lukkast med å skape felles reglar og oppfølging som er viktig for at elevane skal oppleve skulekvardagen trygg og likeverdig. For 10. trinn på ungdomstrinnet er det verd å merka seg at elevane seier dei har mindre variert opplæring, lågare motivasjon, innsats og scorar vurdering for læring lågare enn snittet for landet. Trinnet melder at dei opplever å meistre og har tydelegare felles reglar enn landssnittet.

Ser ein på data for 5.-7. og 8.-10. trinn er det ingen dramatiske utslag. Det er mange av indikatorane som er positive. Det ser ut som skulane lukkast med å skape felles reglar, noko som er avgjerdande for tryggleik og trivsel for elevane. Elevane på ungdomstrinnet seier at dei opplever god yrkerettleiing, men dei har lågare innsats, motivasjon og at indikatoren vurdering for læring er lågare enn landssnittet. Motivasjon, innsats og læring er tett kopla saman. Vi må difor støtte elevane og arbeide for at dei skal vere motivert for innsats og læring.

Andel elevar som har opplevd mobbing

Det er kjekt å sjå at satsinga på trygge skolemiljø og nulltoleranse for krenkingar ser så langt ut til å lukkast. Indikatoren «mobba av andre elevar på skulen» scorar både 7. og 10. trinn over landssnittet, noko som vil sei mindre mobbing enn i resten av landet. Dette området vil krevje kontinuerleg fokus og ein er aldri i «mål», sjølv med gode resultat. Med ein score på 4,8 på både 8. og 10. trinn er det svært få som rapporterer ar dei vert mobba 2 -3 gongar i veka eller oftare. For 10. trinn på Radøy ser vi at resultatet er 8,5 % som svarer at dei vert mobba ein sjeldan gong, noko som er 5,6 % lågare enn

landsgjennomsnittet. Arbeidet med trygge og gode læringsmiljø er viktig. Auka fokus på dette vil vere ein viktig føresetnad for vidare læringsarbeid på skulane.

Resultat

Det er viktig når ein studerer data for Radøy, å sjå resultata opp mot at det er om lag 60 elevar pr årskull som svarer kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne storleik vil resultat på nasjonale prøvar variere noko med årskulla, då kvar einskild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei einskilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultata på nasjonale prøvar kvart år. Samtidig er det viktig å sjå tendensen over tid og gjera grundige analysar av resultatet og kva som kan betre opplæringa. I Radøy har den viktigaste analysen til no vore på skulenivå, i forhold til korleis kvar einskild elev presterer sett opp mot andre vurderingar av eleven sin kompetanse. Frå årskiftet 2018 vil lærarane saman med skuleleiinga, PPT og skuleigar gjera analysar saman for å finna felles tiltak. Rådmannen er uroleg for at elevane har for langsam læringsprogresjon og vil saman med skulane setje inn målretta tiltak. Det er viktig å påpeike at dette er eit langsiktig arbeid, som ein først ser resultat av etter 2 til 4 år. For rådmannen er det eit mål at elevane har stabile gode resultat, som gjer at elevane frå Radøy har dei same mogelegheitene seinare i livet som elevar frå resten av landet.

Nasjonale prøvar 5. trinn

Skoleporten - Nasjonale prøver 5. trinn


Enhet: Radøy kommune

Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Engelsk	46	48	45	49
Lesing	44	46	46	46
Regning	48	51	46	49


Nasjonalt snitt er på 50 poeng. Eit års utvikling er på 4 poeng.

Fordeling mestringsnivå – Engelsk




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Fordeling mestringsnivå - Lesing



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Fordeling mestringsnivå - Rekning



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk 5. steget

I engelsk har ein og hatt ei fin utvikling dei siste åra, sjølv om det er variasjon i elevgruppene frå år til år. Vi har 3% fleire elevar på nivå 1, som er lågaste nivå, enn alle referansegruppene, men vi har og færre elevar på nivå 3. Det er likevel ein positiv tendens i engelsk.

I arbeidet med nytt leseopplæringsprogram, har vi fått sjå skular som har greidd å snu utviklinga og få til tydelege betringar. Det nye forskingsbaserte leseopplegget - der ein både har fokus på byrjaropplæringa og vidare foredling av leseduglik gjennom heile skuleløpet, vil forhåpentlegvis bety ei positiv endring for elevane i Radøy. Det er ein tendens at det er fleire elevar på nivå 2 og 3 i lesing, men framleis er det for mange på nivå 1. Vi ser at resulta siste 3 åra for kommunen er på 46 skalapoeng, noko som er 4 poeng bak nasjonalt snitt. Det vert viktig for kommunen å auke lesekompentansen til elevane mot nasjonalt snitt. Vi veit at lesing er grunnlaget for korleis elevane handterer dei andre faga på skulen.

I rekning har ein hatt ei fin utvikling dei seinare åra. Vi har fleire elevar på meistringsnivå 3, noko som er positivt. Det er likevel for mange på nivå 1. I det vidare arbeidet vert det viktig å løfte så mange som mogeleg frå nivå 1 og opp.


Nasjonale prøvar 8. trinn	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Engelsk	50	48	47	44
Lesing	48	49	47	43
Regning	48	48	48	46

Nasjonalt snitt er på 50 poeng. Eit års utvikling er 4 poeng.

Nasjonale prøvar 9. trinn	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Lesing	52	50	52	51
Regning	51	51	52	51

Dette er same prøven som 8. har. Nasjonalt snitt er på 54 poeng.

Fordeling mestringsnivå 8.trinn - Engelsk




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Vurdering


Utviklinga i engelsk dei siste åra er blanda, med ein tilbakegang inneverande skuleår. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Det er ikkje enkelt å hente dette inn att så seint i skuleløpet. På desse nivåa kan ein finne mange elevar som har gått over tid og ikkje meistra.

Fordeling mestringsnivå 8. trinn – Lesing




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Fordeling mestringsnivå 8. trinn – Rekning



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

Fordeling av mestringsnivå 9. trinn – Lesing




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Vurdering

I lesing ser vi ein stor tilbakegang på elevane som gruppe. Dei har ein snittskåre på 43 skalapoeng. Mange av elevane er på nivå 1 og 2. Det vert viktig å arbeide systematisk vidare med elevane. Radøy ungdomsskule har sett i gang lesekurs for alle elevane. Ein positiv tendens i forhold til lesing er at elevane på 9. trinn har 4 poengs framgang frå 8. trinn. Denne utviklinga er på nasjonalt nivå. Dette viser at utviklinga vert snudd og elevane har forventa læringsprogresjon i lesing frå 8. til 9. trinn.

Fordeling mestringsnivå 9. trinn -Rekning



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

Vurdering

I rekning på 8. trinn har ein hatt ei positiv utvikling frå 2014 - 2016. Denne framgangen vert snudd til tilbakegang. Rådmannen vurderer at dette heng saman med elevane sin lesekompetanse. Resultatet i rekning er likevel den beste av dei 3 prøvane på 8. trinn. Her er likevel for mange elevar på dei

lågaste nivå.

Framgangen for 9. trinn er på 3 skalapoeng. Dette er litt svakare enn nasjonalt snitt. Talet elevar på nivå 2, 3 og 4 er på nasjonalt snitt. Det er likevel for mange elevar på nivå 1.

Generelt om prøvane

På ungdomstrinnet ser vi litt varierande resultat dei siste åra. Det er viktig å ha klart for seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrkja desse resultata må såleis setjast inn på mellomsteget i barneskulen. Vi ser ein tydeleg tendens at resultata er synkande. Kva som ligg til grunn for resultata er skulane i ferd med å analysere. Arbeidet med elevgruppa på ungdomstrinnet vert viktig. Ser vi resultata opp mot elevundersøkinga i 16/17 har rådmannen merka seg at elevane rapporterer om ein svakare motivasjon, læringskultur og meistring. Dette vert viktige faktorar i det vidare arbeidet på ungdomstrinnet saman med lærarar, elevar og føresette.

Det er viktig at både skule og heim har forventningar til elevane og at ein saman støttar elevane i læringa. Dersom omgivnadane har manglande forventningar vil det vere skadeleg for eleven si læring.

Motivasjonsslitasje kan utgjere eit personleg læringshinder for ein del av desse elevane. God tilrettelegging av læringsopplegget for elevar som slit fagleg, kan vere ein god måte å betre læringsutbytet på. Føresetnadene er likevel alltid at eleven greier å motivere seg for å gjere den innsatsen som trengs.

Grunnskolepoeng

Skoleporten - Grunnskolepoeng	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Grunnskolepoeng, Nasjonalt	40,1	40,4	40,8	41,2	41,4
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt Radøy	39,9	40,0	40,9	41,6	40,5
Grunnskolepoeng jenter Radøy	43,0	42,1	42,1	43,7	43,4
Grunnskolepoeng, jenter nasjonalt	42,1	42,5	43,0	43,4	43,7
Grunnskolepoeng, gutter Radøy	37,5	37,8	39,4	39,3	37,1
Grunnskolepoeng, gutter nasjonalt	38,1	38,5	38,6	39,0	39,2

Vurdering:

Karakterar

Det ligg i evalueringa sin natur at ein ikkje får ei lik vurdering frå skule til skule eller landsdel til landsdel. Det er også naturleg at ein finn forskjellar m.o.t. standpunktakarakter og eksamenskarakter i same fag. Dette fordi standpunkt er basert på ein breiare og djupare kunnskap om eleven sin kompetanse enn kva ein "uniformert" eksamen kan avsløre. Dersom forskjellane er store og vedvarande, bør ein stille spørsmål ved vurderingspraksisen. Ein vanleg tendens på landsbasis er at snittkarakterane på standpunkt er høgare enn på eksamen.

Grunnkulepoeng

Radøy ungdomsskule har laga eit system for vurdering som skal ivareta krava i føresegndene, og syte for ein relevant kvalitet i vurderinga. Dette er viktig for å bidra til at alle som deltar i læringsarbeidet, skal ha mest mogeleg lik forståing av kva kompetansevurdering er - og kva krav føresegndene set til slik vurdering.

Vi skal vere obs. på at grunnkulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er det ikkje - og då kan ein sjølv sagt stille spørsmål ved nyten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnkulepoeng. Utviklinga frå 2011-2017 viser ein gradvis auke for Radøy-elevane, sjølv om det er ein liten tilbakegang våren -17. Jentene presterer som jentene nasjonalt, medan det er gutane som presterer dårleg og trekker ned snittet. Resultatet varierer frå år til år, men vi ser eit lågare resultat på grunnkulepoeng for elevane som gjekk ut våren -17. Rådmannen er uroleg for det store gapet i grunnkulepoeng mellom gutter og jenter. Dette startar tidleg i opplæringsløpet og ein må finna tiltak som kompenserer mot dette.

Målsetjingar for det vidare arbeidet

2. februar 2018 var nesten alle lærarane i Radøy kommune samla for saman å analysere utviklinga på læringsresultat. Etter møtet kom ein fram til desse målsetjingane:

- 5. trinn skal i 2020 ha mål om 50 poeng på nasjonale prøvar.
- Utvikling på nasjonale prøvar frå 5. til 8. trinn skal følgje nasjonalt snitt.
- Utvikling på nasjonale prøvar frå 8. til 9. trinn skal vere på 4 poeng.
- Ein skal innan 2022 løfte resultatet på grunnkulepoeng for gutane til 40 poeng i snitt.

Rådmannen har sett ned ei gruppe for å finne målretta tiltak for å nå målsetjingane.

Gjennomføring vidaregåande opplæring

Fordeling av fullført og bestått, prosent

	Fullført og bestått (B)	Fullført og ikke bestått (I)	Mangler grunnlag (M)	Alternativ opplæringsplan (A)	Holder på med utdanningen (H)	Sluttet (S)	Annet/ukjent (X, K, L)
Studieforberedende utdanningsprogram	90,6% (29)	6,3% (2)	3,1% (1)	0,0%	0,0%	0,0%	0,0%
Yrkesfaglige utdanningsprogram	75,0% (36)	8,3% (4)	2,1% (1)	2,1% (1)	2,1% (1)	10,4% (5)	0,0%

Total, 2016-17	81,3% (65)	7,5% (6)	2,5% (2)	1,3% (1)	1,3% (1)	6,3% (5)	0,0%
----------------	------------	----------	----------	----------	----------	----------	------

Indikatoren viser til elevar som har fullført og bestått Vg1 skuleåret 2016/17. Elevar som har slutta før 1.10 er ikkje med i oversikta. For elevar som har bytta skule / utdanningsprogram / klasse internt i fylke gjeld siste registrering.

Vurdering

Statistikkene over kor mange elevar som slutter på dei to vidaregåande skulane i vårt lokalmiljø viser med unntak av 2015/2016 at talet på dei som sluttar i skulen er synkande. Dette er ein god tendens. I 2016/2017 var det 5 elevar frå Radøy som slutta på vidaregåande skule, alle på yrkesfagleg utdanningsprogram. Vi veit lite om grunnen til dette, men dei fleste startar opp att på ny skule året etter.

Sett frå eit overordna samfunnsperspektiv, vil kanskje graden av gjennomføring av vidaregåande utdanning, vere den viktigaste kvalitetsindikatoren å måle Radøy-skulen opp mot.

Gjennomføringsgraden på studiespesialiserande er høg. Vi ser at på yrkesfaglege program er det elevar som sluttar og gjennomføringsgraden er lågare. Denne elevgruppa må ein ha fokus på vidare, slik at ein aukar gjennomføringa.

Tidleg innsats

Føremålet med tilskotsordninga «tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsts på 1.-4. trinn», er å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn. Til dette fekk Radøy kommune 1 264 369.- kr i 2017. Midlane er brukt etter intensjonen. Resultatet av desse midlane vil ein sjå resultatet av etter nokre år. Ein veit at dersom ein kan setje inn tiltak tidleg på elevar som er lesesvake, vil dei ha effekt av dette seinare i opplæringsløpet. Tiltaket er med å førebyggje spesialundervisning seinare. Som ein del av innføring av lærarnorm vert midlane omdisponert frå hausten 2018. Slik det ser ut i dag vert det bortfall av inntektene frå august 2018 for Radøy sin del.

Spesialundervisning

I skuleåret 16/17 var det 66 elevar, eller 10,65% som fekk spesialpedagogisk hjelp på dei 5 skulane i kommunen. Skuleåret 17/18 er dette talet auka til 72 elevar eller 12%. Det er viktig at elevar som ikkje har tilfredstilande utbyte av ordinær opplæring får målretta hjelp. Dette må likevel sjåast i samanheng med korleis ein kan få mest mogeleg hjelp i ordinær klasse. Skuleleiarane arbeider målretta for at elevane skal ha best mogeleg læring.

Det er viktig å få fram at ein ønskjer at elevane skal få god hjelp tidleg, slik at dei er funksjonelle lesarar. Vi veit at lesing er den viktigaste grunnleggjande dugleiken som dei treng for å læra dei andre faga.

Skulefritidsordning – tal elevar

Totalt er det 107 barn i skuleåret 17/18 som får tilbod om SFO. Storleiken på tilbodet varierar frå 8 til 45 barn. SFO er oppteken av balansen mellom barna si fritid og at dei har eit tilbod med leik og utvikling under tilsyn.

Vidareutdanning for lærar

Radøy kommune har i skuleåret 17/18 fem lærarar på vidareutdanning. Dette er ein del av Utanningsdirektoratet si satsing «Saman for kvalitet». Målet er at vidareutdanninga skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrke elevane si læring. Dette er eit positivt tiltak for kvaliteten i skulen.

Vaksenopplæringa

Radøy kommune kjøper dette tilbodet av Lindås kommune, som har tilbod om både grunnskule for vaksne og norskopplæring for innvandrarar.

Lindås Vaksenopplæring gav norskundervisning til vaksne innvandrarar heimehøyrande i Radøy kommune og grunnskuleundervisning for vaksne i lokaler i Knarvik senter skuleåret 16/17.

Inneverande år er dei flytta til «det blå bygget» - eller GECO-bygget.

Lindås Vaksenopplæring gjev tilbod til alle innvandrarar busett i Lindås, Meland og Radøy. Elevar frå andre kommunar enn desse tre, får tilbod dersom kommunen dei bur i ikkje kan gje tilsvarande tilbod. Deltakarar (busett i andre kommunar) kan velje å gå på skule i Knarvik, om dei sjølv betaler for undervisninga uavhengig av rettigheitar.

Lindås vaksenopplæring har både dag- og kveldsundervisning.

Grunnskuleopplæring for vaksne

Personar over 16 år som ikkje har fullført grunnskule, tilsvarande 10-årig norsk grunnskule, har rett på gratis grunnskuleopplæring.

Elevane har 30 skuletimar i veka, og dei har opplæring i 5 fag (norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag). Målet er å gjennomføre ungdomsskulepensum på to år.

Undervisninga er tilpassa forkunnskapen til elevane, som kan variera frå analfabet til god almennkunnskap, men manglande norskkunnskapar. Det er derfor to løp:

Førebuande grunnskule er opplæring med pensum frå barnetrinnet. Dei får ofte opplæring i engelsk, matematikk og ikt i kombinasjon med norskopplæring.

Eksamensretta grunnskule: eit løp på to år med faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag (ungdomsskulepensum). Dei tek grunnskuleeksamen og får vitnemål.

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Vaksne innvandrarar er delt i to grupper i forhold til norskopplæring. Den eine gruppa er flyktningar i introduksjonsprogram og innvandrarar som får familiegjenforening med norske statsborgarar. Dei har rett og plikt til opplæring:

Plikta er på 550 timer norsk og 50 timer samfunnskunnskap. Dei kan ha rett på inntil 3000 timer ved behov.

Den andre gruppa er personar som kjem til Noreg fordi dei har arbeid her. Desse har plikt til 250 timer norsk og 50 timer samfunnskunnskap

Arbeidsinnvandrarar frå EU-land må betale for norskopplæringa sjølv. Tabellen under viser kor mange som er busett i Radøy som har nytta tilbodet siste 3 år.

	Vår 2016		Haust 2016		Vår 2017	
Type opplæring	Norsk	Grunnskule	Norsk	Grunnskule	Norsk	Grunnskule
Tal		6	71	8	54	7

Avslutningsord

Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang langs La linea. Kvalitetsmeldinga vart godkjent ultimo april 2011.

Tala er på ein del område springande i løpet av perioden, med merkbare endringar frå år til år. Vi har gjort elevundersøkinga obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag. Pr i dag er elevundersøkinga berre obligatorisk for 7. og 10. årstrinn i alle kommunar, medan det er valfritt å ta med dei andre trinna frå 5. - 10. trinn.

Når ein jobber med kvalitetsutvikling i skulen, vil det vere viktig å analysere data og resultat på ein grundig og systematisk måte, både kommunen sett under eitt og på kvar einskild skule. I den vidare prosessen med rapporten er følgjande spørsmål viktige å avklare:

- Kan resultata forklara med utgangspunkt i måten vi jobbar på?
- Kan resultata forklara med utgangspunkt i det vi ikkje gjer?
- Korleis kan føresette, politikarar og tilsette saman løfte resultata i skulen?

Betre resultat i Radøy-skulen i framtida handlar om:

- Systematisk, metodisk, grundig og planlagt arbeid over tid.
- Tydelege og realistiske forventningar til elevar, føresette og tilsette i skulane.
- Tiltak basert på tilgjengelege data, forsking, kunnskap og evidens.
- Systemiske prosessar i lærande organisasjonar.
- Kommunikasjon og tillit
- Godt leiarskap

I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i Radøy-skulen ser ein for seg 3 fokusområde:

- Grunnleggjande dugleik innanfor lesing
- Gode læringsmiljø for alle
- Innføring av ny læreplan for grunnopplæringa

Konklusjon

Det er positive tendensar i satsinga på læringsmiljø. Elevane rapporterer at det er god trivsel og elevane har det bra på skulane i Radøy. Når det gjeld læringsresultat ser vi at vi kan og bør gjere det betre innanfor lesekompesantse for elevane. Denne kompetansen er grunnlaget for vidare læring i dei fleste faga. Gutane i Radøy-skulen er den gruppa som ein må løfte i det vidare arbeidet. Det er stor forskjell i resultata gutter og jenter går ut av grunnskulen med.

Det er viktig å sjå på dei årlege tilstandsrapportane som løypemeldingar langs det langsigktige perspektivet. Dersom vi lukkast godt med det systematiske arbeidet, skal implementering av tiltaka gradvis gje ei langtidsverkande positiv utvikling for borna i Radøy.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017 til orientering.

Formannskapet i Radøy - 019/2018

FS - handsaming:

Kommunalsjef Olaf M. Hella orienterte om tilstandsrapporten for grunnskulen. Han sa at lesekompesans, læremiljø og innføring av ny læreplan vil vera satsingsområde i skulane i Radøy dei neste åra. Han understreka at dette er eit langsiktig arbeid som krev tolmod, men at riktig satsing vil gje resultat.

Kommunalsjefen er bekymra over lesekompesansen på 5. årstrinn, og sa at det er sett inn tiltak.

Målet er at dette trinnet skal vera på landssnittet i lesing innan to år. Han understreka at lesekompesansen er avgjerande viktig for korleis elevane gjer det i andre fag.

Kommunalsjefen ser også med uro på skilnaden i grunnskulepoeng for gutter og jenter, noko som er ei bekymring også nasjonalt. Han oppsummerte med at det er nødvendig å løfta ilag og ha felles innsats for å lukkast med utfordringane i grunnskulen i Radøy.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017 til orientering.